



## Møteinkalling

---

**Utvalg:** **Breheimen nasjonalparkstyre**

**Møtested:** Teams

**Dato:** 10.04.2025

**Tidspunkt:** 12:30

---

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 14/25	Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 15/25	Breheimen nasjonalparkstyre - Klagebehandling - Vigdalen LVO-Snødekt mark-transport av salt og mineralar-løypekøyring- Oddvar Vigdal		2024/12705
ST 16/25	Referatsaker		
ST 17/25	Delegerte vedtak		
DS 20/25	Delegert vedtak - Breheimen NP-Mørkridsdalen LVO-Vigdalen LVO-Endring av løyve til transport av saltstein om vinter - Ofsarvatnet-Hammarsdalsnosi - Luster beitelag		2024/4160
DS 21/25	Delegert vedtak - dispensasjon - Breheimen NP - snødekt mark - Martinsbu ved Lundadalsvatnet - bu ved Yste Sætre - Magne Håvard Forberg		2025/3044
DS 22/25	Delegert vedtak - dispensasjon - Breheimen NP - snødekt mark - transport til hytte ved Glittervatnet - Jo Trygve Lyngved		2025/3519
DS 23/25	Delegert vedtak - Breheimen NP-Vigdalen LVO- Mørkridsdalen LVO - Dispensasjon til endra køyrerute vinteren 2025 - Skjolden beitelag		2024/1404
ST 18/25	Eventuelt		

**ST 14/25 Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar /**



Arkivsaksnummer: 2024/12705-9

Saksbehandlar:

Aina-Elise Bolstad Stokkenes

Dato: 03.04.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	15/25	10.04.2025

## Breheimen nasjonalparkstyre - Klagebehandling - Vigdalen LVO-Snødekt mark-transport av salt og mineralar- løypekjøring- Oddvar Vigdal

### Innstilling frå forvaltar

I styremøte den 10.04.2025 har Breheimen nasjonalparkstyre vedteke å oppretthalde tidlegare vedtak med avslag frå delegert vedtak i sak nummer 2025/12705-4.

Breheimen nasjonalparkstyre kan ikkje sjå at klaga kjem med nye moment som ikkje var kjent og vurdert på vedtakstidspunktet, og dette gjer at nasjonalparkstyret ikkje endrar tidlegare vedtak. Klaga med vedlegg vert derfor sendt til Miljødirektoratet for endeleg behandling, jf. §33 i forvaltningslova.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

Vedlegg:

- 1 Søknad - utvida løyve - Vigdalen LVO - snødekt mark - transport av salt og mineraler - løypekjøring - Oddvar Vigdal
- 2 Førespurnad om opplysningar - Vigdalen LVO - snødekt mark - transport av salt og mineraler - løypekjøring - Oddvar Vigdal
- 3 Tilbakemelding - tilleggsopplysninger - Vigdalen LVO - snødekt mark - transport av salt og mineraler - løypekjøring - Oddvar Vigdal
- 4 Vedlegg - kart

- 5 Delegert vedtak - dispensasjon - Vigdalen LVO - snødekt mark - transport av salt og mineralar - løypekjøring - Oddvar Vigdal
- 6 Klage på vedtak - Vigdalen LVO - snødekt mark - transport av salt og mineralar - løypekjøring - Oddvar Vigdal

## Saksopplysningar

Klaga frå Oddvar Vigdal er attgjeven nedanfor:

*Til Miljødirektoratet,*

*Sender med desse linjene min klage på vedtak.*

*Ingen av dei unge kløvhestane går fjellstølsbrui, og sidan me ikkje er komne noko lenger med den etterkvart mykje omtalte stølsvegen lyt transporten skje vinterstid.*

*Eg krev med dette løyve til det omsøkte utvida løyvet, dvs. 2 turer med løypekøyring, samt 2 turer med transport i denne løypa. Dette er eit minimum.*

*Gaupne den 10. mars,*

*Oddvar Vigdal*

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Vigdalen landskapsvernombordet til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.

### Verneformål – forskrift

Vigdalen landskapsvernombordet vart oppretta gjennom verneplan for Breheimen av Kongen i statsråd 7. august 2009.

Omsynet til verneverdiane i området er vurdert, særleg i forhold til dyrelivet og friluftsliv som er mest relevant i dette tilfellet, jf. verneforskrifta for Vigdalen landskapsvernombordet §§ 2 og naturmangfaldlova §§ 1, 4 og 5 samt § 7, jf. §§ 8-12.

Formålet med Vigdalen landskapsvernombordet er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande. Vidare er føremålet med landskapsvernombordet å ta vare på biologisk mangfald, kulturhistoriske verdiar, stølar og kulturminne, samt dei geologiske førekomenstane i området.

Ålmenta skal ha høve til natur- og landskapsoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

I utgangspunktet er all motorferdsel forbode i Vigdalen landskapsvernombordet (verneforskrift § 3 pkt. 6.1), med unntak gjeve i § 3 pkt. 6.2 og 6.3.

Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til m.a. bruk av snøskuter for utkøyring av saltstein ol. for jordbruksføremål i tråd med retningsliner fastsette i forvaltningsplan (jf. § 3 pkt. 6.3 bokstav b) i forskrifta).

## Forvaltningsplan

I følgje retningslinene for forvaltning og bruk i til forvaltningsplan går det mellom anna fram at:

- Ved faste, årlege behov er det aktuelt å gi fleirårige løyve på inntil 4 år til landbruksføremål.
- Det må søkjast om fornya løyve ved utløpet av løyveperioden.
- Slik motorferdsel skal dekke nyttebehova og reduserast til eit minimum.
- Det er ikkje høve til å gi løyve til motorferdsel i samband med tilsyn av bygningar. Slikt tilsyn må samordnast med anna lovleg motorferdsle.
- Det vert ikkje gitt løve til rein persontransport.
- Frist for rapport/tilbakemelding av køyreskjema til nasjonalparkstyret er 1. juni kvart år. Ved fleirårige løyve skal det rapporterast kvart år.

## Naturmangfaldlova

Omsynet til verneverdiiane i området er vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1 (formål), 4 og 5 (forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

Søknad om dispensasjon for bruk av snøskuter til løypekøyring i samband med utkøyring av saltstein, materialar, utstyr og liknande krev løyve etter § 48 første alternativ og det skal vurderast om tiltaket «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vera oppfylt før ein kan vurdere om ein kan gje dispensasjon. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene for vernevedtaket, men skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet.

## Klage

§§ 28-34 i forvaltningslova gjev heimelsgrunnlaget for behandling av klagar på enkeltvedtak. Ei klage skal alltid sendast det forvaltningsorganet som har fatta vedtaket. I tråd med forvaltningslova § 33 skal underinstansen forberede klagen. Nasjonalparkstyret skal derfor forberede klaga og kan endre eller oppheve vedtaket som er påklaga dersom dei finn klaga grunngjeve. Dersom vilkåra for å behandle klaga ikkje føreligg skal underinstansen avvise saken (jf. forvaltningslova § 33, andre ledd). Blir vedtaket det klages på oppretthalde sendes klaga over til Miljødirektoratet som er klageinstans (jf. forvaltningslova § 33, fjerde ledd).

## Vurdering

### Klagefrist

I forvaltningslova § 29 går det fram at klagefristen på eit enkeltvedtak er 3 veker etter at vedtaket er kome fram til vedkommande part, eller frå det tidspunktet han har fått eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket. I saka vart det gjeve fornya dispensasjon til Fjellstølen og til to turar til Herbergesteinane, og det vart gjeve avslag på søknaden om løypekøyring. Vedtaket vart sendt ut på e-post til Oddvar Vigidal 24.02.25. Klaga frå Vigidal kom 10.03.2025.

## Moment i klag

Oddvar Vigdal visar til at alternativ transport av saltstein til Herbergesteinane fremst i Vigdalen ikkje er aktuelt då dei unge kløvhestane hans ikkje vil passera over fjellstølsbrua over Vigdøla.

Kommentar frå nasjonalparkforvaltar:

Med bakgrunn i kongeleg resolusjon, verneforskrifta og forvaltningsplan for verneområda for Breheimen fann ikkje forvaltar at spørsmålet om løypekøyring i forkant av utkøyring av saltstein var omtala. Saka om løypekøyring vart behandla etter § 48 i naturmangfaldslova då denne paragrafen skal være ein sikkerheitsventil for tiltak som ikkje kunne forutsjåast eller spesielle/særskilte tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

Nasjonalparkstyret ynskjer at beitebrukarane skal bruka støls- og fjellområda til beiting, dette er forankra i kongeleg resolusjon, verneforskrift, forvaltningsplan og besøksstrategi for områda til Breheimen nasjonalparkstyre. Avslaget som er gjeve er på løypekøyring i forkant av utkøyring av saltstein, og ikkje sjølv utkøyringa av saltstein og liknande.


Forvaltninga må sjå ei slik sak ut frå eit heilheitsperspektiv der det er fleire faktorar som spelar inn. I fylgje naturmangfaldslova §10 om økosystemtilnærming og samla belastning, skal påverknaden av eit økosystem vurderast ut frå den samla belastninga som økosystemet er eller vil verta utsett for. Eitt einskild tiltak får ikkje alltid stor påverknad på naturmangfaldet, ei heller ikkje nokre fåe tiltak. Dersom det vert mange tiltak av same art, som påverkar det same naturmangfaldet, kan den samla belastninga av tiltaket likevel verta stor. Vurderingane av eventuelle påverknadsfaktorar gjeld både faktorar bakover i tid, noverande påverknadar og framtidige påverknadar.

Løypekøyring i forkant av utkøyring av saltstein kan gje auka motorferdsel i verneområda til Breheimen, og ein kan ikkje berre å vurdera påverknaden frå dei to omsøkte turane til løypekøyring, ein må sjå det i samanheng med kva presedens ein legg til grunn og framtidig motorferdsela og påverknad på verneverdiane.

Som det står nemnt i saka/avslaget så er det eit mål i forvaltningsplan til Breheimen å halda motorferdsela på eit lågt nivå, og tilnærma likt vernetidspunktet.

I vurderinga i saka/avslaget om eit løyve bør gjevast, skal eventuelle presedensverknader av eit løyvet vurderast. Sjølv om eit enkeltståande løyve ikkje vil vere i strid med verneformålet eller påverke verneverdiane på staden, må det alltid vurderast om eit løyve kan skape presedens, og slik bidra til ei gradvis forringing av verneverdiane i området. Ser ein isolert på effekten av to turar med snøskuter frå vernegrensa like ved Fjellstølen og inn til Herbergesteinane, vil det på bakgrunn av natur og friluftsverdiane i området, ikkje vera nemneverdig påverknad på verneverdiane i Vigdalen landskapsvernombude.

I figur og kart under er høgdeprofil på den strekninga som ligg til grunn for løypekøyringa. Høgdeprofilen viser ai auke i høgde på omlag 250 meter, det området som er omtalt som utfordrande i søknaden ligg om lag mellom 1-2 kilometer på høgdeprofilen.



Presedensen ein kan skapa ved å seie ja til ein aktør, er at det er vanskeleg å seie nei til neste som søker. Det er tilsvarende beitebrukara/beitelag som har dispensasjon til utkøyring av saltstein i landskapsvernområda tilknytt Breheimen, som har ruter som er lengre i tal kilometer og har fleire og meir krevjande fjellparti som ein fører snøskuter i. Dette tilseier at ein bør vera etterhalden med å opne opp for løypekøyring i forkant av utkøyring av saltstein i verneområda tilknytt Breheimen. Som ei tilpassing til områder med særskilte utfordringar har søker fått dispensasjon til å laste av og køyre opp lasta i fleire omgangar for deretter å laste på igjen ved Marihaug, utan at det vil verta rekna som ein ekstra tur. Dette vil kunne gjøre til at søker brukar lengre tid på utkøyringa, men får gjennomført den. Dersom det er aktuelt med fleire turar med saltstein på bakgrunn av forbruk så kan søker søke om dette.

## Konklusjon

Nasjonalparkforvaltar er av den oppfatning at Oddvar Vigdal ikkje kjem med nye innspel i klaga som ikkje var teke høgde for i avslaget. Samla sett meina nasjonalparkforvaltar framleis at ved å seie nei til eit slikt opplegg, vil ein unngå å skapa uheldig presedensverknad med tanke på auka motorferdsel i verneområdet.

Nasjonalparkforvaltar tilrår at Breheimen nasjonalparkstyre ikkje tek klaga frå Oddvar Vigdal til fylgje, men står fast på vedtaket som vart gjort av forvaltar den 24.02.2025. Saka kan etter behandlinga i styremøte 10.04.2025 verta sendt over til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

Fra: Oddvar Vigdal[oddvar.vigdal@gmail.com]

Sendt: 12.11.2024 12:37:55

Til: Stokkenes, Aina-Elise Bolstad[aina-elise.bolstad.stokkenes@statsforvalteren.no]

Kopi: Postmottak SFIN[sfinpost@statsforvalteren.no];Oddvar Vigdal[oddvar.vigdal@gmail.com];

Tittel: Utvida snøscooterløyve, Vigdalen LVO.

---

Hei Aina-Elise!

Viser til tidlegare søknad, samt dispensasjon.

Eg ynskjer å søkja om utvida snøscooterløyve. Treng å få inn meir salt og mineraler til buskapen. Tenker lagra det i tønner ved ein par-tre lokasjoner, som på Fjellstølen. Løypa krysser Vigdøla framom fjellstølsbru, vidare til Vierøy, over på Vigdalssida igjen forbi gråsvåi, og heilt fram til Herbergsteinane fremst i dalen. 4 turar burde halda ved gode forhold, 2 til løypekøyring og to til transport.

Treng de meir info?

Høyrer frå dykk.

Vh. Oddvar

Fra: Stokkenes, Aina-Elise Bolstad[]  
Sendt: 06.01.2025 08:12:00  
Til: Oddvar Vigdal[oddvar.vigdal@gmail.com]  
Tittel: SV: Utvida snøscooterløyve, Vigdalen LVO.

---

Godt nyttår Oddvar,

Eg beklaga at eg ikkje har svara deg tidlegare på saka, men sit og arbeidar med den nå.  
Det er nokre punkt eg må ha litt meir informasjon om:  
Har du moglegheit til å teikna inn køyretraseen frå Fjellstølen til Herbergsteinane på eit kart?  
Ut i frå den andre søknaden og disp. til Fjellstølen ser eg at det ikkje er gjeve løyve til  
løypekøyring tidlegare, kan du beskriva kvifor det er særskilt behov for det til Herbergsteinane?  
Med venleg helsing

**Aina-Elise Bolstad Stokkenes**  
nasjonalparkforvaltar



**Breheimen  
nasjonalpark**

**Telefon:** 57 64 30 13  
**E-post:** [aina-elise.bolstad.stokkenes@statsforvalteren.no](mailto:aina-elise.bolstad.stokkenes@statsforvalteren.no)  
**Web:** [www.nasjonalparkstyre/Breheimen.no](http://www.nasjonalparkstyre/Breheimen.no)

---

**Fra:** Oddvar Vigdal <oddvar.vigdal@gmail.com>  
**Sendt:** tirsdag 12. november 2024 12:38  
**Til:** Stokkenes, Aina-Elise Bolstad <aina-elise.bolstad.stokkenes@statsforvalteren.no>  
**Kopi:** Postmottak SFIN <sfinpost@statsforvalteren.no>; Oddvar Vigdal <oddvar.vigdal@gmail.com>  
**Emne:** Utvida snøscooterløyve, Vigdalen LVO.

Hei Aina-Elise!

Viser til tidlegare søknad, samt dispensasjon.

Eg ynskjer å søkja om utvida snøscooterløyve. Treng å få inn meir salt og mineraler til buskapen. Tenker lagra det i tønner ved ein par-tre lokasjoner, som på Fjellstølen. Løypa krysser Vigdøla framom fjellstølsbrui, vidare til Vierøy, over på Vigdalssida igjen forbi gråsvåi, og heilt fram til Herbergsteinane fremst i dalen. 4 turar burde halda ved gode forhold, 2 til løypekøyring og to til transport.

Treng de meir info?

Høyrer frå dykk.

Vh. Oddvar

Fra: Oddvar Vigdal[oddvar.vigdal@gmail.com]  
Sendt: 13.01.2025 10:33:15  
Til: Stokkenes, Aina-Elise Bolstad[aina-elise.bolstad.stokkenes@statsforvalteren.no]  
Kopi: Oddvar Vigdal[oddvar.vigdal@gmail.com];  
Tittel: Re: Utvida snøscooterløyve, Vigdalen LVO.

---

Hei igjen,

Det vil stort sett alltid vera behov for noko tilrettelegg av løypa i forkant av ein transport (med tanke på sikkerheit, effektivitet osv). Me har drøfta det ved fleire anledninger. Var vel med Eldrid førre gongen. I dette tilfellet er det vel særleg eit område sør-vest for Marihaugen som er mest utfordrande.

Vedlagt kartskisse. Håper det ser greit ut.

Vh. Oddvar

man. 6. jan. 2025 kl. 08:12 skrev Stokkenes, Aina-Elise Bolstad <[aina-elise.bolstad.stokkenes@statsforvalteren.no](mailto:aina-elise.bolstad.stokkenes@statsforvalteren.no)>:

Godt nyttår Oddvar,

Eg beklaga at eg ikkje har svara deg tidlegare på saka, men sit og arbeidar med den nå.

Det er nokre punkt eg må ha litt meir informasjon om:

Har du moglegheit til å teikna inn køyretraseen frå Fjellstølen til Herbergsteinane på eit kart?

Ut i frå den andre søknaden og disp. til Fjellstølen ser eg at det ikkje er gjeve løyve til løypekøyring tidlegare, kan du beskriva kvifor det er særskilt behov for det til Herbergsteinane?

Med venleg helsing

**Aina-Elise Bolstad Stokkenes**

nasjonalparkforvaltar

**Telefon:** 57 64 30 13

E-post: [aina-elise.bolstad.stokkenes@statsforvalteren.no](mailto:aina-elise.bolstad.stokkenes@statsforvalteren.no)

Web: [www.nasjonalparkstyre/Breheimen.no](http://www.nasjonalparkstyre/Breheimen.no)

---

**Fra:** Oddvar Vigdal <[oddvar.vigdal@gmail.com](mailto:oddvar.vigdal@gmail.com)>  
**Sendt:** tirsdag 12. november 2024 12:38  
**Til:** Stokkenes, Aina-Elise Bolstad <[aina-elise.bolstad.stokkenes@statsforvalteren.no](mailto:aina-elise.bolstad.stokkenes@statsforvalteren.no)>  
**Kopi:** Postmottak SFIN <[sfinpost@statsforvalteren.no](mailto:sfinpost@statsforvalteren.no)>; Oddvar Vigdal <[oddvar.vigdal@gmail.com](mailto:oddvar.vigdal@gmail.com)>  
**Emne:** Utvida snøscooterløyve, Vigdalen LVO.

Hei Aina-Elise!


Viser til tidlegare søknad, samt dispensasjon.

Eg ynskjer å søkja om utvida snøscooterløyve. Treng å få inn meir salt og mineraler til buskappen. Tenker lagra det i tønner ved ein par-tre lokasjoner, som på Fjellstølen. Løypa krysser Vigdøla framom fjellstølsbrui, vidare til Vierøy, over på Vigdalssida igjen forbi gråsvåi, og heilt fram til Herbergsteinane fremst i dalen. 4 turar burde halda ved gode forhold, 2 til løypekøyring og to til transport.

Treng de meir info?

Høyrer frå dykk.

Vh. Oddvar



<p>0 200 600m Målestokk 1: 25000 ved A3 utskrift Utskriftsdato: 13.01.2025 10:17 Eiendomsdata verifisert: 13.01.2025 10:10</p> <p><b>Gårdskart 4644-36/1/0</b> Tilknyttede grunneiendommer: 36/1/0-36/55/0</p>	<p><b>Markslag (AR5) 7 klasser</b></p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>TEGNFORKLARING</th> <th>AREALTALL (DEKAR)</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Fulldyrka jord</td> <td>49.4</td> </tr> <tr> <td>Overflatedyrka jord</td> <td>17.1</td> </tr> <tr> <td>Innmarksbeite</td> <td>62.7</td> </tr> <tr> <td><b>w</b> Produktiv skog *</td> <td><b>161.7</b></td> </tr> <tr> <td>Annet markslag</td> <td>220.3</td> </tr> <tr> <td>Bebygd, samf., vann, bre</td> <td>7.3</td> </tr> <tr> <td>Ikke kartlagt</td> <td>0.0</td> </tr> <tr> <td><b>Sum</b></td> <td><b>518.5</b></td> </tr> </tbody> </table> <p>* Produktiv skog er skog på fastmark og myr med skogbonitet lav eller bedre.</p>	TEGNFORKLARING	AREALTALL (DEKAR)	Fulldyrka jord	49.4	Overflatedyrka jord	17.1	Innmarksbeite	62.7	<b>w</b> Produktiv skog *	<b>161.7</b>	Annet markslag	220.3	Bebygd, samf., vann, bre	7.3	Ikke kartlagt	0.0	<b>Sum</b>	<b>518.5</b>	<p>Kartet viser valgt type gårdskart for eiendommen man har søkt på. I tillegg vises bakgrunnkart for gjenkjennelse. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.</p> <p>Ajourføringsbehov meldes til kommunen.</p> <p>— Arealressursgrenser □ Eiendomsgrenser ● Driftssenterpunkt</p>
TEGNFORKLARING	AREALTALL (DEKAR)																			
Fulldyrka jord	49.4																			
Overflatedyrka jord	17.1																			
Innmarksbeite	62.7																			
<b>w</b> Produktiv skog *	<b>161.7</b>																			
Annet markslag	220.3																			
Bebygd, samf., vann, bre	7.3																			
Ikke kartlagt	0.0																			
<b>Sum</b>	<b>518.5</b>																			



**NIBIO**

NORSK INSTITUTT FOR  
BIOØKONOMI



Breheimen  
nasjonalparkstyre

**Postadresse**  
Postboks 987  
2604 LILLEHAMMER

**Besøksadresse**  
Skjåk utmarkssenter (v/Skjåk  
Almenning), 2690 Skjåk og  
Luster kommune,  
Kommunehuset, 6868 Gaupne

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 61 26 60 00  
Direkte: +47 57 64 30 13  
sfinpost@statsforvalteren.no  
<http://www.nasjonalparkstyre.no/breheimen>

Oddvar Vigdal  
Vigdalen 385  
6868 Gaupne

Saksbehandler Aina-Elise Bolstad Stokkenes

Vår ref. 2024/12705-0 432.2

Dykker ref.

Dato 24.02.2025

## **Delegert vedtak - Vigdalen landskapsvernombområde - motorferdsel - 2025-2028 - Snødekt mark - Transport av salt og mineraler - Oddvar Vigdal**

### **Vedtak**

- I samsvar med delegasjonsfullmakt gjev nasjonalparkforvaltaren med heimel i verneforskrifta for Vigdalen landskapsvernombområde § 3 pkt. 6.3 bokstav b) og e) Oddvar Vigdal løyve til bruk av snøskuter for frakt av saltstein, materialar og utstyr ol. til jordbruksføremål til Herbyrjesteinane i Vigdalen landskapsvernombområde.

### **Vilkår**

- Løyvet for bruk av snøskuter gjeld perioden 1. januar til 20. april åra 2025, 2026, 2027 og 2028.
- Løyvet gjeld for inntil 7 tur/retur kvart år på strekninga Vårstølen – Fjellstølen i Vigdalen LVO.
- Løyvet gjeld for inntil 2 tur/retur kvart år på strekninga Vårstølen – Fjellstølen-Herbyrjesteinane i Vigdalen LVO.
- Løyvet gjeld ikkje søndagar, påsken (palmelaurdag - 2. påskedag) eller andre heilagdagar.
- Bruk av snøskuter skal følgje trasear innteikna på kart vedlagt søknaden.
- Bruk av snøskuter skal avgrensast til det som er strengt naudsynt.
- NB! Lasset kan delast opp sørvest for Maihaugen og transporterast nordvest for Maihaugen og deretter laste på igjen utan at det vert rekna som ein ny tur.
- Under køyring skal det takast særleg omsyn til naturmiljøet, særleg dyreliv, og friluftsliv.
- Bruken av snøskuter må avklarast med SNO Luster seinast dagen før flyging m.a. for å avklare omsynet til dyreliv. Kontaktperson er Liv Byrkjeland.
- Løyve til motorferdsel og køyreskjema skal takast med under transport. Køyreskjema skal fyllast ut på førehand før kvar tur/dag.
- Løyvet gjeld ikkje rein persontransport eller berre for tilsyn med stølshus.



---

Løyvet og køyreskjema skal takst med under transporten. Køyreskjema skal fyllast ut på førehand, og sendast Breheimen nasjonalparkstyre innan 1. juni kvart år for åra, 2025, 2026 og 2027 og 2028.

2. Med heimel i verneforskrifta for Vigdalen landskapsvernområde og § 48, 1 ledd, 1 alternativ avslår nasjonalparkforvaltar søknad om løypekøyring i forkant av utkøyring av saltstein, materialar, utstyr og liknande innanfor Vigdalen landskapsvernområde. Motorisert ferdsel skal haldast på eit minimum innanfor verneområda. Det å legge til rette for auka mengde motorferdsel med formål i løypekøyring i landbruksformål vil kunne påverka presedens i verneområda, og på generelt grunnlag auka den totale mengde motorferdsel i verneområda til Breheimen.

### Klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

### Dokument i saka

- Søknad frå Oddvar Vigdal
- E-post med svar på tilleggsinformasjon

### Søknaden

«*Eg ynskjer å søkja om utvida snøscooterløyve. Treng å få inn meir salt og mineraler til buskapen. Tenker lagra det i tønner ved ein par-tre lokasjoner, som på Fjellstølen. Løypa krysser Vigdøla framom fjellstølsbrui, vidare til Vierøy, over på Vigdalssida igjen forbi gråsvåi, og heilt fram til Herbergsteinane fremst i dalen. 4 turar burde halda ved gode forhold, 2 til løypekøyring og to til transport.»*

Etterspurd informasjon pr e-post 06.01.25:

«*Har du moglegheit til å teikna inn køyretreaseen frå Fjellstølen til Herbergsteinane på eit kart?*

«*Ut i frå den andre søknaden og disp. til Fjellstølen ser eg at det ikkje er gjeve løyve til løypekøyring tidlegare, kan du beskriva kvifor det er særskilt behov for det til Herbergsteinane»*


E-post frå Oddvar Vigdal 13.01:

«*Det vil stort sett alltid vera behov for noko tilrettelegg av løypa i forkant av ein transport (med tanke på sikkerheit, effektivitet osv). Me har drøfta det ved fleire anledninger. Var vel med Eldrid førre gongen. I dette tilfellet er det vel særleg eit område sør-vest for Marihaugen som er mest utfordrande.»*

Oppsummering av e-post utveksling mellom Oddvar Vigdal og nasjonalparkforvaltar veke 8: Oddvar Vigdal ynskjer å ha same råma som i motorferdselløyve til Fjellstølen (2022/2710). Nasjonalparkforvaltar har førespurd om det er ynskjeleg å få alle løyva til Vigdal i same dokument. Dette var ynskjeleg frå Vigdal si side. Nasjonalparkforvaltar behandler i samråd



med Vigdal denne saka i lag med ei førespurnad om fornying av løyve 2022/2710 for ei fireårsperiode.



Figur 1 Løypetraseen for snøskuterkjøring fra Värvstolen til Herbergesteinane sendt fra Oddvar Vigdal.


Søknad henta frå søknad datert 2022 (Sak nr 2022/2710):

«Søkjer med dette om løyve til å foreta naudsynt transport i jordbruksnæringa i hht. opplysningar gitt nedanfor.

a) For perioden: 15.02.2022 – 30.04.2022, samt åra 2023, 2024 og 2025.



- b) Køyringa vil foregå fra Øvre Vigdalen inn til fjellstølen i Vigdalen i Luster kommune
- c) Søknaden gjeld bruk av snøscooter med reg.nr. UB1131
- d) Førar av køyretøyet er Oddvar Vigdal
- e) Følgjande skal transporterast:
- saltsteinar/mineralfôr for bruk i beitesesongen
  - proviant til stølshuset (gass, hermetikk osb.)
  - drivstoff til aggregat/motorsag
  - batteri til gjerdeapparat
- f) Transporten er planlagt etter vedlagde kartskisse.
- g) Det vil dreia seg om anslagsvis 10 turar medrekna opparbeiding av løype. SNO vert varsla på førehand.»



Figur 2 Transporten vil føregå etter ruta innteikna på kartet fra Værstølen til Fjellstølen.



# Heimelsgrunnlag

## Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Vigdalen landskapsvernombordet til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62. I medhald av styrerak 7/2024 har Breheimen nasjonalparkstyre gjort vedtak om å delegerere behandling av enkelte saker til nasjonalparkforvaltaren. Dette er gjort med heimel i nasjonalparkstyrets vedtekter.

Vedtaket gjev nasjonalparkforvaltarane i Breheimen myndighet til å treffe vedtak i saker som gjeld søknad om løyve etter verneforskriftenes spesifiserte dispensasjonsbestemmingar, samt kurante saker etter naturmangfaldlova § 48 for verneområda i Breheimen.

### Søknaden er vurdert i samsvar med:

- Forskrift om verneplan for Breheimen. Vedlegg 6. Vigdalen landskapsvernombordet.
- Naturmangfaldlova.
- Forvaltningsplan for verneområda i Breheimen.

### Verneforskrift og verneformål

Vigdalen landskapsvernombordet vart oppretta gjennom verneplan for Breheimen av Kongen i statsråd 7. august 2009.

Omsynet til verneverdiane i området er vurdert, særleg i forhold til dyrelivet og friluftsliv som er mest relevant i dette tilfellet, jf. verneforskrifta for Vigdalen landskapsvernombordet §§ 2 og naturmangfaldlova §§ 1, 4 og 5 samt § 7, jf. §§ 8-12.

Formålet med Vigdalen landskapsvernombordet er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande. Vidare er føremålet med landskapsvernombordet å ta vare på biologisk mangfald, kulturhistoriske verdiar, stølar og kulturminne, samt dei geologiske førekomenstane i området.

Ålmenta skal ha høve til natur- og landskapsoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

I utgangspunktet er all motorferdsel forbode i Vigdalen landskapsvernombordet (verneforskrift § 3 pkt. 6.1), med unntak gjeve i § 3 pkt. 6.2 og 6.3.

Forvaltningsstyretemakta kan gi løyve til m.a. bruk av snøskuter for utkjøring av saltstein ol. for jordbruksføremål i tråd med retningsliner fastsette i forvaltningsplan (jf. § 3 pkt. 6.3 bokstav b) i forskrifta).

### Forvaltningsplan

I følgje retningslinene for forvaltning og bruk i til forvaltningsplan går det mellom anna fram at:

- Ved faste, årlege behov er det aktuelt å gi fleirårige løyve på inntil 4 år til landbruksføremål.
- Det må søkjast om fornya løyve ved utløpet av løyveperioden.
- Slik motorferdsel skal dekke nyttebehova og reduserast til eit minimum.



- Det er ikkje høve til å gi løyve til motorferdsel i samband med tilsyn av bygningar. Slike tilsyn må samordnast med anna lovleg motorferdsle.
- Det vert ikkje gitt løyve til rein persontransport.
- Frist for rapport/tilbakemelding av køyreskjema til nasjonalparkstyret er 1. juni kvart år. Ved fleirårige løyve skal det rapporterast kvart år.

### Naturmangfaldslova

Omsynet til verneverdiane i området er vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1 (formål), 4 og 5 (forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. § § 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

Søknad om dispensasjon for bruk av snøskuter til løypekøyring i samband med utkøyring av saltstein, materialar, utstyr og liknande krev løyve etter § 48 første alternativ og det skal vurderast om tiltaket «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vera oppfylt før ein kan vurdere om ein kan gje dispensasjon. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene for vernevedtaket, men skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet.

### Vurdering

Beitedyra i området har behov for saltstein og det er behov for å transportere div. varer, materialar og utstyr til stølen i samband med jordbruksverket. Av topografiske omsyn vert transporten gjort på den mest hensiktsmessige måten ved bruk av snøskuter vinterstid. Etter verneforskrifta for Vigdalen landskapsvernombordet kan det gjevast løyve til bruk av snøskuter til formåla nemnde i søknaden.

Hovudformålet med Vigdalen landskapsvernombordet er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande. Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i verneområda då dette kan ha negative effektar på verneverdiane gjennom forstyrring, slitasje og støy. Etter verneforskriftene kan forvaltningsstyresmakta likevel gi løyve til formåla nemnde i søknaden, men bruken av snøskuter kan ikkje stride mot verneformålet. Det er difor eit mål å minimere motorferdsel i verneområda og å avgrense motorferdsel til berre det mest naudsynete.

Naturverdiane i områda er godt dokumentert, m.a. gjennom verneplan for Breheimen, skjøtselsplan for Vigdalen og etter mange års forvalningspraksis jf. § 8 i naturmangfaldslova. Ein konstaterer at aktiviteten ikkje vil føre til inngrep i landskapet av nokon art. For dyrelivet og friluftsliv kan motorferdsel ha ein forstyrrande effekt. Det er ikkje registrerte hekkelokalitetar av rovfugl i det aktuelle området. Samstundes er det lite motorferdsel i området, og sjølv få turar med snøskuter kan ha påverknad på hekkelokalitetar, særleg tidleg i hekketida. Motorferdsel i området bør difor avgrensast til berre det mest naudsynete. Ein vurderer at bruk av snøskuter på godt snødekt mark vil ha liten verknad på vegetasjon med omsyn til slitasje.

Ein ser det som positivt at Oddvar Vigdal generelt nyttar areal innanfor verneområdet, og spesielt stølsområda i Vigdalen til sommarbeite og at det gjennom det er eit årleg behov for noko transport av materialar, utstyr, proviant og saltstein til desse områda. Oddvar Vigdal har i seinare tid pussa opp stølshus på Fjellstølen, så det er ikkje venta at større reparasjonsarbeid



---

er naudsynt dei neste åra. Sidan det eit mål om å avgrense bruken av motorisert ferdsel i verneområda, meiner nasjonalparkforvaltar at søknaden om 10 turar/retur til Fjellstølen og fire turar til Herbergesteinane er i overkant mykje når ingen større prosjekter er planlagt i perioden.

Forvaltningsstyresmakta har vurdert omsynet til verneverdiane i området, jf. verneforskriftene § 2, og meiner tiltaket med dei vilkåra som er sett i løyvet med tal turar i eit avgrensa tidsrom ikkje kjem i strid med verneformålet. Samstundes har ein vektlagt at aktiviteten er naudsynt for at beitebrukar skal kunne ha dyr på beite i området.

Kunnskapsgrunnlaget er godt dokumentert (naturmangfaldlova §8). Føre-var-prinsippet er tillagt vekt ved at det er sett vilkår for å avgrense motorferdsla i tid og rom (naturmangfaldlova § 9). Det er også sett vilkår om at det skal takast omsyn til naturmiljøet, særleg dyreliv og friluftsliv. Sjølv om tiltaket isolert sett i liten grad vil påverke natur- og kulturlandskapet, må den einskilde søknaden vurderast etter prinsippet om samla belastning (naturmangfaldlova § 10).

Nasjonalparkforvaltaren kan ikkje sjå at denne saka saman med dei andre dispensasjonane som er gitt i dette området samla sett vil føre til uheldig belastning. Nasjonalparkforvaltaren føreset at køyretraseane som er skildra i søknaden vert nytta under køyringa. Dekking av kostnader ved miljøskade er lite relevant. Det er heller ikkje aktuelt å vurdere anna transportmiddel for gjennomføring av tiltaket. Naturmangfaldlova §§ 11 og 12 vert difor ikkje vurdert nærrare.

På bakgrunn av at det er lite motorferdsel i området, og sjølv fåe turar med snøskuter kan ha påverknad på naturkvalitetar, bør motorferdsla avgrensast til berre det strengt naudsynte. Vurdering av om dei ekstra turarne knytt til løypekøyring kan påverke verneverdiane nemneverdig må sjåast i lys av verneformålet. Dispensasjonsadgangen er snever, og ein kan berre gje dispensasjon dersom tilfellet vil ha ubetydeleg eller avgrensa verknad for verneverdiane. Dette kan vera ved forbigåande forstyrningar, eller einskildståande aktivitetar. Sidan dette er ein fleirårig søknad reknar forvaltar søknad om løypekøyring i forkant av utkøyring av salt mm. som ein aktivitet som vil gjenta seg årleg, sjølv om ein kan argumentera med at den ekstra motorferdsla kan reknast som forbigåande. I høve § 48 skal tiltaket også vera naudsynt. Ved å gjera tilpassingar under ordinær transport så er det ikkje så sterkt behov for å køyre løype i forkant av uttransportering av saltstein mm til dei ulike destinasjonane. Forvaltar meina at opparbeiding av løype ikkje skal vere naudsynt om ein planlegg køyringa til gode forhold.

Ved ein eventuell dispensasjon så skal ein også vurdera presedens i saka. Forvaltar er ikkje kjend med at det er gjeve generelt løyve til løypekøyring i forkant av ordinær utkøyring av saltsteinar i verneområda for Breheimen. Ved å opna for løypekøyring for landbruksformål med dette formål så kan ein skapa uheldig presedens generelt i verneområda. Det er svært sannsynleg at ei opning for løypekøyring vil gje ei generell auke i mengde motorferdsel i verneområda til Breheimen. Landskapsvern er den mildaste verneforma og den kategorien som i størst grad tillèt inngrep av ulik art, og ein har difor kome med ei tilpassing kor ein kan laste av og køyre to turar i kreyjande området sørvest for Maihaugen for deretter å laste på igjen sleden. Dette kan gjennomførast utan at forvaltninga reknar dette som ei tilleggsbelastning for verneverdiane jf. § 12 i naturmangfaldslova.

Etter ei konkret vurdering der nasjonalparkforvaltaren særleg har vektlagt at transport av saltstein, utstyr, materialar og liknande ikkje stirr mot verneformålet, og at tiltaket er naudsynt for at beitebrukar skal kunne ha beitedyr i området, meiner nasjonalparkforvaltaren at det med



dei gitte vilkåra kan gjevast løyve til tiltaket. Etter ei konkretvurdering av saka om dispensasjon for løypekøyring så meina forvaltar at ei tilpassing av ordinær uttransportering kan gjennomførast utan utviding av dispensasjon. Forvaltar meina at ei eventuell opning vil skapa uehdig presedens for motorferdsel i verneområda i Breheimen, og at dispensasjon ikkje kan gjevast på bakgrunn av dette.

Med helsing

Aina-Elise Bolstad Stokkenes  
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

Kopi til:

Luster kommune	Rådhuset	6868	GAUPNE
Statsforvaltaren i Vestland	Statens hus, Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Liv Byrkjeland			

Fra: Oddvar Vigdal[oddvar.vigdal@gmail.com]  
Sendt: 10.03.2025 11:41:41  
Til: Postmottak SFIN[sfinpost@statsforvalteren.no]  
Kopi: Stokkenes, Aina-Elise Bolstad[aina-elise.bolstad.stokkenes@statsforvalteren.no];Oddvar Vigdal[oddvar.vigdal@gmail.com];  
Tittel: Dykkar ref. 2024/12705-0 432.2

---

Til Miljødirektoratet,

Sender med desse linjene min klage på vedtak.

Ingen av dei unge kløvhestane går fjellstølsbrui, og sidan me ikkje er komne noko lenger med den etterkvert mykje omtalte stølsvegen lyt transporten skje vinterstid.

Eg krev med dette løyve til det omsøkte utvida løyvet, dvs. 2 turer med løypekøyring, samt 2 turer med transport i denne løypa. Dette er eit minimum.

Gaupne den 10. mars,  
Oddvar Vigdal

**ST 16/25 Referatsaker /**

**ST 17/25 Delegerte vedtak /**

**DS 20/25 Delegert vedtak - Breheimen NP-Mørkridsdalen LVO-Vigdalen**

**LVO-Endring av løyve til transport av saltstein om vinter -**

**Ofsarvatnet-Hammarsdalsnosi - Luster beitela 2024/4160**

**DS 21/25 Delegert vedtak - dispensasjon - Breheimen NP - snødekt mark -  
Martinsbu ved Lundadalsvatnet - bu ved Yste Sætre - Magne Håvard Forberg  
2025/3044**

**DS 22/25 Delegert vedtak - dispensasjon - Breheimen NP - snødekt mark - transport  
til hytte ved Glittervatnet - Jo Trygve Lyngved 2025/3519**

**DS 23/25 Delegert vedtak - Breheimen NP-Vigdalen LVO-Mørkridsdalen LVO -  
Dispensasjon til endra køyrerute vinteren 2025 - Skjolden beitela 2024/1404**

**ST 18/25 Eventuelt /**